



2019 – 2020

Tryggleik * Meistring * Fridom

Møte i styringsgruppa Vestlandsprosjektet – om velferdsteknologisaman 22.03.2019

Stad: Regionrådet Knarvik

Tid: Kl.09.00 - 11.00

Til stades: Tove Gyllow og Monica Totland Mevold (Os og Fusa), Åshild Lussand Sørstebø (Ulvik), Monika Kvamme (Austrheim), Ingebjørg Søreide (Gulen), Leni Dale (Lindås), Helga Ellingsen (Masfjorden), Grete Herøy (Radøy), Helge Kvam (Meland), Ove Sæbø (Modalen), Nina Kvamme (Osterøy), Laila Nystad (Voss), Heinz Diehl (Fedje), Reidun Abotnes (Samnanger), Solrun Hauglum (Vaksdal), Kari Bjørkheim (Vestlandsprosjektet)

Austevoll og Granvin kommune kunne ikkje delta

Sak 1/19: Status – framdrift

10 kommunar har vore med i Nordhordlandsprosjektet, men no er 7 kommunar kome til og prosjektet er omdøpt til Vestlandsprosjektet. Grunnlaget for desse kommunane er rundt 100 000 innbyggjarar. Det nasjonale programmet har oppfordra prosjekta til å invitera fleire kommunar inn i programmet, og det blei sendt ut førespurnad om dette i 2018 til kommunar i Hordaland som ikkje var med i det Nasjonale programmet. Søknaden som blei sendt inn for 2019 var for 16 kommuner, Samnanger er kome med i etterkant
2. og 3. april er det samling i Oslo for dei nye kommunane i prosjektet.

Sak 2/19: Gjennomgang styringsstruktur

6. mars var det avhalde eit møte i Bergen – kick off samling der ein gjekk gjennom styringsdokumenta. I møte gjekk ein gjennom styringsstruktur og samansettning av ulike grupper i prosjektet, og la det inn i styringsdokumenta.

Sak 3/19: Ferdigstille mandat

Gjekk gjennom mandatet. Korrigerte denne som blei einstemmig vedtatt.

Sak 4/19: Signere samarbeidsavtale

Gjekk gjennom samarbeidsavtalen. Blei gjort litt justering. Dokumentet blir sendt ut til kommunane og skal sendas tilbake med underskrift til prosjektadministrasjonen for underskrift av prosjektleiar. Avtalen blir sendt tilbake til kommunane for registrering i eiga kommune. Frist for innsending er måndag 25.03.

Sak 5/19: Tilskot – budsjettavklaring

Prosjektet har fått tilskot på 1,8 mill frå Helsedirektoratet/Fylkesmannen. Det mangler kr. 380 000 i forhold til budsjett. Det er laga eit oppsett om fordeling av kostnader etter

fordelingsnøkkelen i samarbeidsavtalen som blei gått gjennom 6. mars. Fordelinga blei godtatt og einsetemlig vedtatt.

Sak 6/19: Implementeringsplan

Kort gjennomgang av status i kommunanen og den siste anskaffinga der 10 av kommunane har delteke.

Sak 7/19: Presentasjon av heimesida

Denne blei presentert. Ein ynskjer at ein skal bruke bilder på sida som illusterer det prosjektet handlar om. Projektadministrasjonen ser om dei kan finne bilde som vise dette betre enn det som er på sida i dag. Kommunane blir oppfordra til å ha bilder av gode eksempel i eigen kommune når ein skal lage sin profil på sida. Dette skal vera ei levande side som skal endra seg etter kvart som prosjektet går framover.

Sak 8/19 : Evnt.

- **Møteplan 2019**
Nytt møte i styringsgruppa blir 23.10.19 kl. 9 - 11
- **Kurs i endringsledelse 02.05.19**
Påmeldinga er førstemann til mølla - prinsippet. Dersom det er ynskje og nok deltakarar vil ein prøve å gjenta kurset til hausten.

Referent: Anita L. Sævild (Vestlandsprosjektet)